Notat

Går til:	Styremedlemmer
Føretak:	Helse Førde HF
Dato:	18.01.2012
Frå:	**Administrerande direktør**
Sakhandsamar:	**Jon Bolstad**
Saka gjeld:	**Beredskap vedr. "Dagmar"**

Administrerande direktør si orientering pkt. 1
Styresak 003/2012 O **Styremøte 27.01.2012**

Del 1: E-post til Helse Vest vedr. "Status Helse Førde", datert 26.12.2011

Del 2: E-post til Helse Vest vedr. "Situasjonen i Helse Førde – pr 27.12.2011 klokka 1255

Del 3: Brev til Helse Vest vedr. "Helse Førde – oppsummering og situasjonsrapport etter "Dagmar" – ekstremværet og konsekvensene for beredskapen ved helseforetakene", datert 28.12.2011

Fra: Vie, Vidar Atle John
Sendt: 26. desember 2011 14:51
Til: Skogseth, Ingvill
Kopi: Nilssen, Herlof (Helse Vest RHF); Eithun, Arne; Bolstad, Jon
Emne: IS: Status Helse Førde

Hei
Syner til tekstmelding.

Her er ein kort rapport frå Helse Førde:

Uværet har ført til store kommunikasjonsutfordringar i Sogn og Fjordane, også for Helse Førde.

Telenettet er nede i store delar av Nordfjord, og det har vore problem med kommunikasjonen til Nordfjord sjukehus. Der har helseføretaket no fått på plass ein satelitt-telefon.

Det har også vore store problem med å kommunisere med Nordfjord-kommunane Selje, Bremanger, Eid, Stryn og Gloppen.I Gloppen er det no på plass satelitt-telefon, og det er på veg same telefon til Stryn.

Begge satelitt-telefonane som helseføretaket har fått på plass har vist seg å vere ustabile.

Straumen er vekke i store delar av Sogn og Fjordane. Ved alle sjukehusa er det straum, eller naudstraum, og alle viktige funksjonar inkludert PAS-EPJ er intakt.
Helse Førde har oppmoda folk som ikkje kjem gjennom på telenettet, og som treng helsehjelp, om å oppsøke nærmaste sjukehus eller legekontor. Meldinga er sendt ut via NRK og internett.

Vervarselet viser at det kjem store nedbørsmengder utover kvelden og natta, og at det kan bli opp til sterk storm i dei mest utsette delane av fylket.

Helseføretaket har styrka beredskap i høve til tekniske funksjonar, som til dømes naudstraum. Delar av ambulansetenesta er styrka ved å kalle inn ekstra mannskap. Det same gjeld AMK-sentralen. Beredskapsleiinga har vore involvert sidan kvelden 1. juledag.

Mvh
Jon Bolstad

Fra: Vie, Vidar Atle John
Sendt: 27. desember 2011 12:54
Til: Nilssen, Herlof (Helse Vest RHF); Skogseth, Ingvill
Kopi: Bolstad, Jon; 'bolstadjon@gmail.com'; Eithun, Arne; Øen, Bjørn Morten
Emne: IS: Situasjonen i Helse Førde - pr 27.12.2011 klokka 1255.

Hei

Her er dagens rapport frå Helse Førde:

Straum: Sjukehusa har straumtilførsel. Naudstraum ved Førde sentralsjukehus slo inn på vanleg måte då straumen gjekk i Førde i natt.

10 000 husstandar utan straum i Sogn og Fjordane. Alle større tettstadar har straum utanom Stryn og Hornindal. Håpet er å få straum alle stadar i fylket i løpet av dagen.

Tele: Førde sentralsjukehus har kontakt med Nordfjord sjukehus gjennom mobiltelefon. Og det er etablert eige nummer på Nordfjord BUP. Det er også plassert satellitt-telefon på sjukehuset, men den har vore ustabil. Sjukehuset kan ikkje nåast gjennom fast telefon.

Førde sentralsjukehus har kontakt med Lærdal på fast og mobil telefon.

Det er eit eller fleire brot på fiberkablar i fylket, og fleire stasjonar er slegne ut. Dette medfører problem for telefoni i Nordfjord.

Det er 11 satellitt-telefonar på veg til Nordfjord, organisert gjennom Fylkesmannen.
Det er 4 satellitt-telefonar på veg til Sunnfjord, organisert gjennom Fylkesmannen.

Fylkesmannen lagar oversikt over alle satellitt-telefonar som er plassert ut i fylket.

Politiet har god kommunikasjon med sine folk.

Veg: Det er mange vegstengingar i fylket (fleire riksvegar og om lag 20 fylkesvegar). Det er ikkje mogeleg å køyre aust-vest Sogn - Sunnfjord; Kjøsnesfjorden er stengt, og det er stengt mellom Balestrand og Høyanger.

Årdal er isolert på grunn av ras. Vik er isolert. Det er omdisponert båtressurar for å handtere situasjonen.

Ver: Det blir mindre nedbør utover veka, men vind og snø i høgfjellet kan skape problem.
Det har vore problem med å få ut geologar for å få oversikt når det gjeld rasfare.

Situasjonen på sjukehusa:

Nordfjord sjukehus: Det er om lag 20 pasientar på sjukehuset. Ingen spesielle behov knytt til transport, overflyttingar etc. Det vert no etablerrt ein ordning med to rapporteringar dagleg frå sjukehuset til beredskapsleiinga.

Førde sentralsjukehus: Det er rapportert at smittsam magesjuke kan medføre litt problem med å fylle opp vaktene på ei avdeling. Dette blir no undersøkt og fylgt opp. Andre mindre praktiske problem blir fortløpande følgt opp.

Sjukehuset har to-tre pasientar som er ferdigbehandla, men som framleis ligg på sjukehuset. Det er laga plan for å handtere dialysepasientar som får problem med å kome til sjukehuset..

Lærdal sjukehus: Alt fungerer som det skal.

Forsyning: Ingen problemer. Det blir arbeidd med å få ny forsyning av diesel til aggregat på Nordfjord sjukehus. Dette er lova 4. juledag.

Pasientsituasjonar:

Vi har hatt ei hending der pårørande ikkje kom fram til naudetat på telefon, og måtte køyre ut for å hente ambulansen. Pasienten var død når ambulansen kom fram. Det er førebels ikkje mogeleg å seie om dette kunne vore unngått om hjelpa hadde kome raskare fram.

Det har ikkje vore nokon heimefødslar eller andre forhold knytt til dette, melder KK.

Situasjonen har elles krevd ekstraordinære tiltak, men siste døgn har det ikkje gjeve kjente uheldige konsekvensar.

Kommunalt legevaktansvar: Beredskapssjef har bede Fylkesmannen oppmode om at kommunane sikrar ansvaret i denne situasjonen.

Personell: Situasjonen har krevd tiltak som gjer at vi bryt AML (t.d. mange og lange vakter, overnatting på vaktrom) og som gir ekstraordinære lønskostnader. I størst utstrekning gjeld dette ambulanse, AMK og teknisk personell.

mvh

Jon Bolstad